

Sphaeropsis sapinea

Soppsjukdom

Venche Talgø og Arne Stensvand, Planteforsk Plantevernet

venche.talgo@planteforsk.no

Samandrag

Sphaeropsis sp. vart funnen på ein einer (*Juniperus communis*) med fleire visne kvistar og dautt bar i planteskulen på NLH i 2001. *Sphaeropsis* er ein skadegjerar ein finn verda over. Soppen gir kreftsår og daude nåler og skot på ei rad ulike bartre.

Summary

Sphaeropsis was found in 2001 on *Juniperus communis* in southeastern Norway. *Sphaeropsis* causes shoot blight and canker and is found worldwide where hosts are native or planted as exotic species.

Vertplante

I prosjektet "Kartlegging og bekjemping av skadegjerarar i klyppegrønt- og juletreproduksjonen" vart *Sphaeropsis* sp. funne på einer (*Juniperus communis*) på NLH i 2001. I tillegg til *Sphaeropsis* vart det funne *Phomopsis* sp. og *Lophodermium* sp. på denne eineren (Fig. 1). Alle desse tre patogene soppene kan ha bidratt til skadebiletet som Fig. 1 syner. Fig. 2 syner sporane av *Sphaeropsis* som vart funne. Sporane tyder på at dette er arten *S. sapinea*. Vi kjenner ikkje til at denne soppen er påvist tidlegare i Noreg. *Sphaeropsis* er funne på ulike bartre i alle verdsdelar. Soppen er rapportert på artar innan slektene furu (*Pinus*), edelgran (*Abies*), kranstre (*Araucaria*), seder (*Cedrus*), sypress (*Chamaecyparis*), ekte sypress (*Cupressus*), lerk (*Larix*), gran (*Picea*), douglas (*Pseudotsuga*) og tuja (*Thuja*).

I USA har ein funne at denne soppen gjer skade på meir enn 20 furuarter; svartfuru (*Pinus nigra*), *Pinus resinosa*, *Pinus ponderosa*, vanleg furu (*Pinus sylvestris*), *Pinus radiata*, buskfuru (*Pinus mugo*) m.fl. Dei mest utsette er dei to- og trenåla artane.

Symptom og biologi

I planteskular drep eller deformerer denne soppen småplanter på alle ulike stadium i utviklinga. *Sphaeropsis* kan vera frøoverført. På infiserte småplanter vert siste års nåler fyrst gule, så brune og til slutt askegrå. Angrepne skot vert ofte krølla. Ved basis av dei askegrå nålene finn ein ofte sporehus (pyknidar). Dersom det ikkje er sporehus når ein tek prøven, kan dei veksa fram dersom ein legg prøven fuktig i romtemperatur. På større tre finn ein ofte pyknidar på 2 år gamle kongleskjell i tillegg til på brune nåler på

årsskota. Soppen er til stades gjennom heile året på daude nåler, gamle konglar, bark og ved på infiserte tre eller på avfall som ligg på




Fig. 1. På denne eineren (*Juniperus communis*) i planteskulen på NLH vart det i 2001 funne sporehus og sporar av *Sphaeropsis* på fleire daude kvistar. På det brune baret vart det gjort funn av dei to parasittære soppene *Phomopsis* og *Lophodermium*. Foto: V. Talgø

bakken. På eldre tre utviklast det ofte kreftsår, og greiner kan verta ringa og dauda. Sporehus kan utviklast få veker etter infeksjonen, men dei fleste sporehusa frigjer ikkje sporar (sporulerar) før neste vår. Sporane angrip då nye, mjuke nåler og skot. Ein kan også få infeksjonar når bar og bark er skadd av hagl, insekt, skjering eller anna. Sporane som tyt ut frå sporehusa frå mars til oktober når det er fuktig vêt, spreiaast med vassprut.




Fig. 2. Mikroskopbilete av sporehus og sporar av *Sphaeropsis* sp. som vart funne på ein einer i planteskulen på NLH i 2001. I øvre, venstre hjørne av biletet er det felt inn bilete av to sporar som har vorte ytterlegare forstørra opp. Foto: E. Fløistad

Tiltak

Såsenger bør ikkje plasserast nær kantvegetasjon av furu eller andre mottakelege artar. I planteskular som dyrkar bartre, bør ein ikkje ha lehekkar av bartre. Kongleskjell eller nåler må ikkje brukast som jorddekke eller innblanding i jord i planteskular. Fig. 3 syner småplanter av furu i ein planteskule i Idaho i USA. På dette biletet er småplantene friske, men år om anna er det ein del problem med *Sphaeropsis*. Soppen

kjem inn frå dei store bartrea som står i bakgrunnen, men dei er del av ein verdifull frøplantasje og kan ikkje fjernast. På planteskuleområdet ligg det også eit frøeinseanlegg der dei tek i mot konglesekkar frå heile Idaho og Montana. Alt avfall frå reinskeprosessen vert oppmalt og blanda inn i jorda i planteskulen, men dei dampar jorda før såing.

Eventuell vatning bør utførast om morgonen slik at baret på trea tørkar fort opp. I USA tilrår dei å bruka eit koparpreparat kvar 14. dag inntil nålene og dei nye skota er "mogne" (lignifiserte).



Fig. 3. Dei store bartrea i bakgrunnen er del av ein frøplantasje. År om anna er det angrep av *Sphaeropsis* på småplantene i planteskulen. Soppsporane kjem inn frå frøplantasjen, men smittekjelda kan ikkje fjernast, fordi frøplantasjen representerar store verdiar. Forest Service Nursery, Coeur d'Alene, Idaho, USA, hausten 2003. Foto: V. Talgø

Prosjekttittel: Kartlegging og bekjemping av skadegjerarar i klyppegrønt- og juletreproduksjonen (2001-2003)

Finansiering: SND, NGF, eigeninnsats

Styringsgruppe:

Harald Rømuld (prosjektansvarleg), Norsk Pyntegrønt

Inger Hilmersen, Norsk Gartnerforbund

Tønnes Straum, produsent

Terje Pundsnes (leiar for styringsgruppa), Pyntegrøntringen

Morten N. Andersen, Det Norske Skogselskap

Arne Stensvand (fagleg ansvarleg) og Venche Talgø, Planteforsk Plantevernet



Kjem som vedlegg til Norsk Pyntegrønt hausten 2004